

Jorda som ressurs

RADØY: Korleis ta vare på matjorda? Og korleis få jordmassar som ofte kan by på problem å bli kvitt, til å bli ein ressurs?

Dette er tema på eit kurs for bønder og entreprenørar i Dalheim ungdomshus på Hundvin torsdag 3. mars. Arrangør er Nordhordland Utviklingselskap IKS. Utbygging gir ofte store over-

skotsmassar, og det er aukande interesse i regionen for å ta i mot desse. Gjennom kurset ønskjer arrangørane å nå ut til alle med interesse for å ta imot eller som handterer overskotsmassar. Fem ulike tema vert tatt opp på kurset som vert arrangert både på dag og kveldstid. Magnar Askeland har fokus på «frå jordmassar til auka avling». «Reine og ureine massar og andre definisjonar» er tittelen på

Astrid Holte sitt innlegg. Trekløveret Laila Bjørge, Asbjørn Toft og Thomas Lindås tar for seg den kommunale sakshandsaminga, medan Lindås får meg seg Marius Flemmen Knudsen i gjennomgangen av sentrale punkt i søknaden. Sist ut er Trygve Torsteinsen som gir praktiske råd og tips om handtering av jordmassar. Påmelding til tonje@nordhordland.net innan 25. februar.



NAUST: Illustrasjonsfoto frå Fedje.

Kor skal vi byggja i framtida?

Byggeskikk, buplass, byggelov og løyve er blant tema på Byggesakskonferansen 2016.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

I morgon inviterer Nordhordland digital til byggesakskonferanse i Knarren ved Knarvik vidaregåande.

Regionrådsleiar Karstein totland er møteleiar for konferansen som skal munna ut i diskusjon og refleksjon før deltakarane går kvar til sitt - forhåpentlegvis med ny kunnskap og nokre nye svar i bagen.

sjen.

«Klima i Norge 2100 - Kor skal me byggja framover» er tema for professor Asgeir Sortheberg, UiB sitt innlegg.

Frank Rune Dale frå Lange-land gard fortel om sine erfaringar med byggeskikken i forhold til vør og vind.

Laila Pedersen Kaland frå Fylkesmannen i Hordaland vil svara på spørsmål frå salen og delta i diskusjonar kring endringar i Plan og bygningslova, ansvarsrett og teknisk forskrift.

Jordmassar frå problem til ressurs er tema til landbruks-

sjef i Meland, Laila Bjørge.

Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar i Austrheim kommune ser på prosessen frå områdeplan til byggjeløyve i eit vør og vindutsett område.

Naust og sjøhus, ein nasjonal og lokal ressurs, i lag med lokal verdiskaping i strandsona er tema i Asbjørn Staveland frå Norges vel sitt innlegg.

Willy Andre Gjesdal, styreleiar i Nordhordland digital helsar deltakane velkomen, medan kollega Harald J. Stanghelle presenterer Nordhordlandskart 2016.

Skjenkeløyve til Søthola AS

GULEN: Anita Britt Chapman vert skjenkestyrar for «The Pickled Viking».

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Rådmannen gir kommunestyret ei positiv innstilling til Anita Britt Chapman sin søknad om skjenkeløyve for Søthola AS: The Pickled Viking.

Løyvet gjeld for skjenking av brennevin frå klokka 13.00 til 01.00, og for øl og vin frå klokka 08.00 til 02.00, i god-

kjende lokale. Løyvet gjeld fram til 30. juni i år, då kommunestyret skal ha alle søknadane om sal og skjenkeløyve opp i felles sak i kommunestyret i samband med revidering av alkoholpolitisk handlingsplan.

Serveringa vil skje i avgrensa område. Politiet har ingen merknader til søknaden.

Løyvehavar pliktar kvar år innan 1. mars å gje opplysningar om den løyvepliktige omsetnaden etter alkohollova.

Løyveavgifta for det einkilde året vert fastsett i høve til alkoholomsetnaden året før.

Anita Britt Chapman skal driva «The Pickled Viking» vidare som gatekjøkken, pub, kafe og catering, og søker derfor samtidig kommunen om serveringsløyve.

Ho får innvilga serveringsløyve til «overdraging av igangverande verksemd». Løyvet gjeld under føresetnad av at det vert oppnemnt vikar for styrar innan 1. mai i år.

Middag til familien
UNDER 100 LAPPEN

Velkommen innom!

NYHET!

PLUKK & MIKS
MIDDAG PÅ 1-2-3!



49⁰⁰
PR. 2-PK



GRILLPØLSER
Nordfjord, 2x560 g, 43,75 pr. kg

25⁰⁰
PR. STK



JUICE, 1 L, ASSORTERT
BaRe, 1 l, eks. mva, 25,00 pr. l

49⁰⁰
PR. BUKETT



TULIPANER
Lyssand Blomstersalg, 49,00 pr. bukkett

Gjelder Region Bergen-Vest/ Hordaland (ikke Etne) til og med 21.02.2016 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt.

REMA 1000